

17. mai 1945

Syttande mai,
dagen for fridom og fred i vårt land,
ånda frå Eidsvoll, der trældomens band
vart hogde, og sjølvstende skapt.
Syttande mai! Støtt skal du stå
skir i vår soga, og mana til dåd,
då me tok att det som var tapt.
Trældomens kår
veik for di kraft i din vaknande vår.
Alt som var kuva av fark og fut
løyste du ut.
Hundradårs vald
tyktest å føra til Noregs fall.
Men tukt eller svolk,
drap aldri den sanning, me er eit folk
med vår eiga soge og eigen kultur
framalne her i vår eigen natur,
frå eldgamle tider av.
Den sanning gjeng aldri i grav.

Syttande mai!
Den grunnlov du gav,
gav oss atter vår rett som folk,
so me atter fekk setja dei rettkomne krav
som gav framgang frå bolk til bolk.
Striden var hard
for dei menn som i brodden for fridomen var.
Men støde dei stod
fast på sin rett, og med dugleik og mod
dei førde vår sak i hamn.

So blømde vårt land
i fridom og framgang frå år til år.
Og bymann og bonde gjekk hand i hand
for å vinna til tryggare kår.
Og lukke og fred
gav nasjonal vokster frå led til led.
Me fekk oss vårt flagg

som small i vinden kvar maidag,
og samla vårt folk til fest.
Syttande mai, kveiken frå deg
var det som stod der og viste veg.
Som ein varde du stod
og kalla til samhald, samhug og mod
gjennom aldrar og år.

Men atter ein dag
tok fiendsk valdsmann inn i vårt land.
Han slo oss i kne med eit knusande slag
av si veldige hand.
Utan varsel om krig
han hertok vårt vesle fredlege land,
og med svindel og svik
han baud oss si broderhand.

Men få tok imot
eit venskap grunna på vald
og reiste på fot
ein her, for å stogge det knusande fall.
Her førdest ein strid
med dårlege våpen, men lell med flid.
Me berga vår konge og riksstyret og
or ørnen si krøkte klo,
der han pløgde fram på sitt ville flog
over fjell, over myr og mo.
Me måtte gi opp
vår vonlause strid mot ei overmakt,
men striden heldt fram på framand jord
og planar vart lagt
for å knusa den tyske ørn,
og berga vårt land i nord.

Og nordmenn var med
i lufta, til sjøs og lands
for å vinna ein fred
som var krynt med vår sigerkrans.
Men me som var att
her heime førde ogso vår innbitne strid
mot det framande åk,

som åt seg inn på oss ved dag og natt,
meir djevlesk frå tid til tid.

Og sume av våre sveik
si plikt mot konge og land.
Mang ein var ussel og veik
og gav vår fiende ei hjelpande hand
for å få sine landsmenn sett
i ørnen sitt griske grip
når dei streid for sin rett.
Og pinsle og fengsel vart
mang ein ærleg nordmann til del,
og inkje i nåde vart spart
under bøddelens jarnskodde hel.
Men det altsaman førde til
at me samstelte lærde å stå,
i samla protest utan tvil.
Dei framande valdsmenn fekk sjå
at med skamdjervskap, list og vald
vann dei inkje med nordmenns hug,
som med vanvyrdnad kald
såg ned på den framande mug.

Og no er det fred.
Den grufulle tid er forbi
og våpna lagt ned
etter avblåsen strid.
Me kjenner det letnar for bringa,
det var godt å f
å pusta ut,
no ingen meir kan oss tvinga
og trælka i sorg og sut.

Det brusar mot oss frå by og land,
me er fri - me er fri.
Og flagga lyser frå strand til strand,
Det framande åk er forbi.
Ja, no hev me lært
kva fridomen for oss er verd,
kva lukke det er
å leva som frie menn,

og i ord og i gjerd
tolka fritt det som i oss brenn.
Det offer som fall,
som streid for vår fridom tru i sitt kall,
me minnest med takk i sinn.
Deira bauta skal stå
i Noregs soge med gullskrift på.
Og me som er att
skal verna om denne heilage skatt
som dei ofra livet for.
Me skal byggja vårt land
i trivnad og trygd,
Me skal binda eit band
gjennom by og bygd,
som skal gjera vårt folk til eitt.
Syttande mai!
Samla oss du kring vårt flagg på ny
til takk for fridom og fred.
Gjev mannjamt me saman frå land og by
må vera med.
Gud signe konge og land!

Johan Bernt Ulla